

Hareid + Ulstein var vi ferdige med i 2012

Verken Hareid eller Ulstein har sysla med å samle øya no. Det gjorde vi oss ferdige med i 2012. Då hadde vi felles utgreiing og felles møte. Brukte nokre 100 tusen på konsulentar som fekk det glatte lag både frå administrasjon og politikarar. Og det var ikkje utan grunn. Det vart verken billegare, meir effektivt eller betre tenester av å slå saman Hareid og Ulstein. Dei tenestene vi kunne effektivisert, har vi allereie effektivisert i einingar som er betre og større enn H + U. Resultatet av at H + U gjekk saman, ville verte det same som vi har i dag, men med ei halvering av lokaldemokratiet. Utjamning av gjeld og fond kan ikkje vege opp for det, og kvaliteten i tenestene ville vorte den same som vi har allereie. Elles arbeider vi tett saman kvar dag. Vi skulle til dømes hatt felles arealplan på eidet og litt småpjask, men vi treng ikkje slå oss saman av den grunn. Det har ingenting med reforma å gjere.

Nei, reforma er eit nasjonalt mageplask. Ho skulle jamne ut skilnadene mellom stat og kommune. Det skjer ikkje med dette systemet som Regjeringa legg opp til – og vi må vente på ei anna runde ein annan gong. Reforma er død. Stem for å halde fram som eigen kommune. Dersom nokon røyster for ei eller anna form for samanslåing, er det berre ei røyst som stettar Oslo-ideen om sentralisering og byråkratisk kontroll i staden for lokal makt. Ver så snill å ikkje bite på den omkampen att. Det har ramla nok skjelett ut av denne reforma til at mange no ser kva ho eigentleg handlar om. For å skrive det enkelt: kommunereforma kan føre til meir dyrt byråkrati og mindre lokaldemokrati.

Kristian Fuglseth  
Folkelista for Hareid kommune